



TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 53437012

Telefaks

Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036 DEP

0030 OSLO

UGGDAL, 21.02.2017

Saksnr.
17/61

Dok.nr
1209/17

Arkivkode
000

Avd/Sek/Saksh
TK/FEL/AADH

Dykkar ref.

NY BARNEVERNLOV - SIKRING AV BARNET SIN RETT TIL OMSORG OG BESKYTTING - HØYRING

Frå møte i KOMMUNESTYRET 14.02.2017, saknr. 5/17.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

Høyringssvar: Høring NOU 2016: 16 Ny barnevernslov - Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse.

Tysnes kommune syner til brev av 08. november 2016 frå Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet i høve til høyring om; Ny barnevernslov – Sikring av barnets rett til omsorg og beskyttelse.

Tysnes kommune er i all hovudsak positive til den nye lova. Strukturen og oppbygginga av forslaget er slik vi ser det, logisk og fornuftig. Vår vurdering er også at ei slik endring er naudsynt av omsyn til brukargruppa for å få ei meir forståelig og anvendelig lov. Ein ser at det er naudsynt med dei ulike innskjerpingane, men det vil også få konsekvensar for vidare drift i kommunane.

Etter Tysnes kommune sine vurderingar, vert viktige grunnprinsipp og verdiar lovfesta i framlegg til ny barnevernlov. Dei ulike presiseringane og innskjerpingane som lova legg opp til, er etter vår vurdering naudsynte og sikrar rettstryggleiken til både born og foreldre i større grad.

Våre merknader knyter seg til tre av kapitla i høyringa:

Kap 7. Ansvar for trygt oppvekstmiljø, omsorg og beskyttelse.

Kap 7.5.4. Kommunens ansvar for å sørge for en tilgjengelig barnevernstjenste – barnevernsvakt.

Tysnes kommune vil peike på at kravet i forslaget til §113 om at barneverntenesta skal vere tilgjengelig til ei kvart tid, bør føra til ei nærare vurdering av praktiske og økonomiske konsekvensar. Lovutvalet viser til at dette i praksis allereie følgjer av kravet i lova til forsvarlege tenester. Tysnes kommune er ikkje samd i denne vurderinga og viser til at det i dag er mange kommunar som ikkje har etablert ei formell vaktordning for fagområde, den reelle vaktberedskapen fyller truleg ikkje lovkravet det no vert lagt opp til. Med bakgrunn i geografiske avstandar er det også svært varierende i kva grad eit samarbeid mellom kommunar er praktisk mogleg å få til. Her bør det vurderast å leggje ansvaret på store kommunar om å dekkje større områder, eventuelt å leggje føringar på at kommunar vert pålagt interkommunale løysingar i høve vaktordning. I alle tilfeller bør det løyvast øyemerka midlar slik at dette er økonomisk og praktisk løyseleg også i mindre kommunar. Per i dag vil mindre kommunar i praksis ikkje kunne etablere ei vaktordning med 3-4 stillingar. Då vert ein prisgitt avtalar/samarbeid med andre nærliggjande kommunar. Det vil ikkje vere haldbart om det skal vere opp til den enkelte kommune og fastsetje vilkår for avtaleinngåing om vaktordningar. Her bør det såleis leggjast føringar for korleis dette skal organiserast, det kan då vera naturleg å sjå på tilsvarande regulering av samarbeid kring AMK brann.

Kap 12. Hastevedtak

Framlegg til ny § 34 inneber at påtalemakta vert frådeke sin kompetanse til treffe hastevedtak slik at det berre er barnevernleiar eller stedfortreder som har mynde til dette. Grunngeving er at påtalemakta vert vurdert til å ikkje ha naudsynt barnevernfagleg kompetanse til å treffe vedtak. Denne regelendringa vil i praksis undergrave mange barnevernvaktordningar sin eksistens. I praksis er dei fleste barnevernvaktordningar i større kommunar organisert som ein del av påtalemakta. Det er påtalemakta som godkjenner og vurderer om lovkravet til hastevedtak er oppfylt etter ei fagleg vurdering av barnevernfagleg personale.

Ved å tillegge mynde til å treffe hastevedtak til barnevernleiar og stedfortredar, vil det føra til ei større belastning på dei som er tilsett i slike stillingar, som igjen vil kunne medføre vanskar med rekruttering og fare for «turnover» i eit allereie utsett yrke. I dei minste kommunane vil ansvaret kun kunne fordeltast mellom 2 einskildpersonar som vanskelig kan erstattast ved fråvær ved t.d sjukdom eller liknande. Lovforslaget legg opp til lite fleksibilitet i høve ulike løysingar for mindre kommunar. Tysnes kommune er av den oppfatning at påtalemakta framleis bør ha vedtakskompetanse, men med eit krav om at vurderingar skal gjerast i samråd barnevernfagleg personale. Sett i samanheng med kravet om tilgjenge i framlegg til § 113, foreslår Tysnes kommune, at det vert nedfelt som eit krav at barnevernfagleg personale skal vere å nå til ei kvar tid gjerne som ei form for bakvakt og at påtalemakta i samråd med barnevernfagleg personale framleis har vedtaksmynde i høve hastevedtak.

Det bør samstundes vurderast om ikkje det også skal stillast krav til kompetanseheving

hjá påtalemakta i høve barnevernfaglege vurderingar. Dette vil også kunne komme til nytte for dei tilfella der barneverntenesta treng hjelp frå politiet elles.

Kap 18. Økonomiske og administrative konsekvenser

Lovutvalet har ikkje kome med konkrete anslag i høve økonomiske konsekvensar av lovutkastet. Det er likevel, som utvalet peikar på, slik at dei ulike lovendringane med tydeliggjering av barnet sin rett til medverknad, krav om grunngjeving av å leggje bort ei melding og undersøking, styrking av kommunane sitt ansvar for forebygging og ikkje minst eit lovfesta krav til at barneverntenesta skal vere tilgjengelige til ei kvar tid, totalt sett vil medføre større arbeidsmengd for dei tilsette i barneverntenestene og vil medføre store økonomiske og administrative kostnader for kommunane. Særlig vil det gjelda for dei minste kommunane som er vanskeleg tilgjengeleg, jamfør her strukturindeksen som er nytta i samband med revidering av det kommunale inntektssystemet.

Som ein følgje av lovendringa bør det derfor gjerast eit vurdering av ressurstildeling innanfor dei ulike områda for å sikre at lovendringane vert gjennomførbare. For dei minste kommunane, bør det vurderast å tildelast midlar for å sikre eit minimum av ressursar gjennom eit minstekrav om 5 tilsette i fagstillingar jfr FO si tilråding. Det bør vidare tildelast midlar til utvikling av IKT løysingar som kan forenkle gjennomføring av dei ulike nye lovkrava, samt sikre grunnleggjande og lik innføring i dei nye endringane for alle tilsette i kommunalt barnevern.

Tysnes kommune meiner at lova ikkje kan setjast i verk før det er gjort ei meir inngåande vurdering av dei økonomiske og administrative konsekvensane. Det er særskilt nye krav til vakt og omfordeling av oppgåver frå påtalemakta til kommunane som må vurderast meir inngåande.

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Åse D. Haaland
konsulent/arkivleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.